


# BOKN BYGDABLAÐ

NR. 9 - NOVEMBER 1992 - ÄRG. 7

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR

## OKSEBÅSEN FORESLÅS VERNA



Bygningsrådet i Bogn får den 5. november forelagt ei sak der Oksebåsen vert regulert til spesialområde - bevaring av kulturminne. Saka må vidare til kommunestyret for endeleg vedtak.

Utgangspunktet for saka er ein tidlegare søknad frå familien til eigarane av området om frådelling av hyttetomt innafor området.

I oktober -91 fatta bygningsrådet vedtak om at søkjarane kunne få frådelt tomt under forutsetnad av at grunneigarane, fylkeskultursjefen og bygningsrådet kunne bli enige

om ein avtale som regulerer plassering, utvendig materialval og utforming av hytta. Gjennom reguleringbestemmelsene vert det knytt vilkår til bestående bygningar og planlagt hytte samt landskapsinngrep. Desse vilkåra går m.a. ut på at verneverdige bygningar berre kan ombyggjast, påbyggjast eller moderniserast under forutsetnad av at eksteriøret vert halde uendra eller vert ført tilbake til opprinneleg utsjånad. Nye bygningar (hytte) i bevaringsområdet skal gis ei utforming m.h.t. storleik, materialbruk, utforming av fasader, fargar m.v. som harmonerer med bygg og miljø i bevaringsområdet

# BOKN BRUKAR MINST AV ROGALANDSKOMMUNANE PÅ HELSE/SOSIAL OG KULTUR

Fylkesmannen i Rogaland har gjort ei undersøking av kva kommunane i Rogaland brukar pengane til. Undersøkinga er gjort på grunnlag av rekneskapstal frå 1991.

Undersøkinga syner at Bokn kommune ligg desidert på sisteplass når det gjeld kommunale nettoutgifter pr. innbyggjar i to sektorar: nemleg helse/sosial og kultur.

Medan gjennomsnittutgifter for helse/sosial i kommunane i Rogaland er 39% av dei totale utgiftene i kommunane, er det i Bokn på 25%.

For kultur er gjennomsnitt for fylket 9%, og for Bokn 4%.

Når det gjeld undervisning er gjennomsnittet for fylket 38%, medan Bokn ligg på 40% av dei totale nettoutgiftene i kommunen, så dette er den etaten som ligg nærast gjennomsnittet i fylket.

Skal ein sjå på korleis dette skal forklarast, kan noko av årsaka vera at sentraladministrasjonen i Bokn t.d. dekker utgifter som t.d. straum og forsikring for heile Boknatun, medan ein del av dette skulle vore ført på helse/sosial. Dette utgjør imidlertid ikkje så veldig mykje. Ein får tru at det positive i dei låge utgiftene i sosialsektoren seier noko om gode sosiale tilhøve i kommunen, med minimale utgifter til sosialhjelp og at det er få sosiale problem som gjer at kommunen sleppstore økonomiske utteljingar.

For kultursektoren sin del var det nok ikkje uventa at kommunen ligg på nederste hylle. Her har ein imidlertid også den faktoren som spelar inn at kultursektoren ikkje har egne bygg kor dei har utgifter til oppvarming, forsikring, vedlikehald m.v.

Statistikk kan såleis ikkje lesast utan utfyllande forklaringar som seier litt om dei lokale tilhøva.



## SPØRJEUNDERSØKING OM NÆRMILJØET

Ved Senter for Sosialt Nettverk og Helse ved Ullevål Sykehus opplyser psykiater John Ivar Brevik til Bokn Bygdablad at skjema frå Bokn kjem jamt og trutt inn. Det vil nå bli sendt ut purring til dei som ikkje har svart.

Det har nok vore ein del reaksjonar på spørjeundersøkinga. Det går både på omfang, og på nokre spørsmål som har blitt oppfatta som nærgående. Mange stiller derfor spørsmålet om ein m.a. kan vera trygg på konfidensiell behandling.

Til det er å seia at Senter for Sosialt Nettverk og Helse er eit statleg organ som ligg under Helsedirektoratet. Dei har erfaring med same spørjeskjemaet tidlegare. Kommunehelsetenesta vil ikkje få tilgang på svar frå einskildpersonar, og det er ein forutsetnad at skjemaene får full konfidensiell behandling ved Senteret.

Det er sjølvsagt ei frivillig sak om ein vil svara på spørsmåla. Vitsen med undersøkinga var å få eit heilheitsbilde av trivselen i nærmiljøet. Det er mulighet å få statlege midlar til positive tiltak i nærmiljøet dersom undersøkinga kan gi eit bilde av kva som særleg kan gjerast noko med. Derfor er det viktig at flest muleg svarar.

**STØTT  
TV-AKSJONEN  
SØNDAG  
8. NOVEMBER**

## MYKJE KONTROLL PÅ RIKSVEG I

Dei fleste som kjører strekninga Arsvågen - Akسدal har nok merka at det er mykje politi på og langs vegen.

Strekninga er tilgodesett med ekstra stor overvåking frå politiet si side for å sjå etter at folk kjører fint. Vegen er nå også skilta med teksten "SPESIELT OVERVÅKET".



## DØDSULUKKE PÅ VEGEN

Det var den 24 år gamle Tommy Jakobsen frå Sandnes som omkom ved ei trafikkulukke på Alvestad den 4. oktober om kvelden. Ulukska skjedde ved samanstøyt mellom ein personbil som kom nordfrå og motorsykkelen som kom frå Riksveg 1 i retning Føresvik.

Utrykningspolitiet kom raskt på plass fordi dei tidlegare hadde prøvd å ta igjen motorsyklisten som hadde passert ein kontroll i Tysvær. Også helsepersonell frå Bokn var raskt på plass, men kunne lite gjera då motorsyklisten var død.

## HILMAR SVENDSEN: MINNER FRÅ UNGDOMSTIDA

Eg skal prøva å fortelja litt frå ungdomstida. Eg trur ungdommen idag likar å høyra korleis me hadde det i ungdomstida. Me hadde sykklar nesten alle då. Vegene var grusveg. Den var dårlig å sykla på. Der var svære hjulspor som det var farlig å komma uti. At det gjekk godt på sykkel ned Hålandsbakken var eit under. Sykkelen hadde som regel ein bremse som fungerte. Den blei så varm at røyken stod av den. Me måtte hatt englevakt.

Når eg fyrst snakkar om sykling skal eg fortelja om ein gong eg slo meg nesten ihel. På Kleivå der hadde dei ein olme ver. Han var så galen på oss syklistar. Ein gong eg kom syklanes rauk veren på meg. Eg hadde god fart på sykkelen. Både sykkelen og veren pluss meg havna ned i potetåkeren til Berdines på andre sida av garden. Me gjekk lenge og halta både veren og eg. Veren hinka lenge på 3 føter. Men den hadde lært folkaskikk. Den tok til sprangs så snart den såg meg på sykkel etterpå. Lørdagskveldane var det å sykla til kaien i Føresvik og sjå når nattrutta kom kl. 22.00. Det var samlingstad der. Alltid mange ungdomar var det samla på kaien. Etterpå bar det til "Grutlå" der var det dans. Dei fleste ungdommane var samla der, musikken var det dårleg med. Det var som regel ein som stod å "filte" på eit munnspele. Etterpå når dansen var slutt var det å fylgja jentene heim. Ein kom som regel til byslaget, der var det full stopp. Eg og ein kamerat skulle til gjentene på Austre Bokn. Me fant ein gamal båt ved Heimdalsjøen. Den var lekk som ei kipa. Årar fant me ikkje. Me brukte eit ausekar til å ro med. Me holdt på og forlisa midt i Boknasundet hugsar eg. Når eg fyrst er inne på å ro over Boknasundet minnes eg alltid basarane på bedehuset der. Og ikkje å forgløyma juletreffest. Det var ein tradisjon at det var juletreffest Nyttårsaften der på bedehuset. Eg har mange gode minner etter gamla bedehuset der. På ungdomshuset var det kvar søndag møter kl. 19.00. Den eine søndagen var det ungdomsmøte, den andre søndagen var det Losjen. For å få bilsertifikat i 1933 måtte ein ha edruelighetsattest i saman med søknadskjema. Det nytta ikkje uten. Eg skreiv til lensmannen i Tysvær og ba om ein slik attest. Lensmannen ringte til Jakob Larsen og spurte ka slags kar eg var. Jakob svarte at han er nå iallefall i losjen. Då gjekk det fint å få attesten. Slik attest skulle dei hatt i dag og.

Nogen fiskar har har eg aldri vore og ikkje blir eg det heller nå. Det var alltid kjekkare å setja trollgarn og teiner enn å dra dei. Eg hugsar ein gong det var "krig" mellom indre og ytrabuen. Det var gjentene det gjaldt. Grensa var i parken med Vatnaland. Det var ingen indrabu som fekk koma her vest. (Det var med helgene og ungdomane). Men det blei heldigvis våpenstillstand. Hadde det blitt noge av det hadde "indrabuen" slått oss sunder og saman. Det var nogen svære karar der inne den gong. Nå må eg snu plata å sjå ka det er på den andre sida. Eg måtte til Sandve for å finna meg kâna. Det var eit slit å komma dertil under krigen, så det blei helst fering og frieri, men det svarte strevet. Eg skal fortelja ein tur me hadde over Karmsundet i

1943 me skulle til Sandve. Det gjekk ingen båt fra Føresvik -alt var innstilt . Då fant me på at me skulle ro til Blikshavn. Det var stilt og fint ver, men tjukk skodda. I båten hadde me sykkel, barnevogn og eit barn på 1 år, samt ein stor koffert. Det var som sagt tjukk skodde, me satte oss av ifra Oddnanes uten kompass. Når me hadde rodd bortimot ein 1/2 time fekk me fly over oss. Flya var rett over håvene på oss. Skodda var fremdeles tjukk som graut. Me rodde ein 1/2 time til og trefte akurat odden ved Blikshavn som var bestemmelse stedet vårt. Me var heldige som kom oss iland, flya kunne blitt mistenksame og skote på oss. Så englevakta sat i båten med oss, så me kom oss iland. Då me kom på land i Blikshavn var det å trille den tunge barnevogna med små trehjul på grusvei om Skudenes til Sandve. Det var langt og tungt det. Me var glad då me endeleg var framme.

Ein gong eg skulle heim igjen fra Sandve kom eg til Kopervik. Då gjekk det ingen båt. Men Bertil Kro og Osmund var der, dei rodde. Eg kunne få vara med heim, men eg måtte vara med og ro sa dei. Dei sette meg på land på i Boknahåve. Eg gjekk heim der i frå. Det var som sagt under krigen, ein måtte ha noge å leva av. Ingen fekk gå ledige. Eg fekk komma ombord på m/s "Rogaland" i kystruten Oslo - Bergen. Eg var der til den blei bomba i Bergen. Men det blei etterkvart så nifst å vara på kysten, så eg slutta med det. Eg kjøpte motorbåt og skulle prøva å driva fiske. Båten heitte "Snål". Det var ein kjekk båt med hytte og kappe. Fiskebrønn var der også. Men for å få olje (diesel) måtte ein levera fisk. Det var ut å dorga om nettene etter småsei og lyr. Det var mykje fisk å få også. Så var det å sykla oppover til bøndene, banka på å spørja om dei ville kjøpa fisk. Det var ein møkka jobb som eg slutta snart med. Eg selde båten om hausten.

1/9-45 fekk eg hyra ombord i m/s "KONG OLAV". Det var ein svenske båt D.S.D. hadde kjøpt. Eg var der ei kort stund til eg fekk jobb ombord i m/s "SANDNES" i nattrutten. Der var eg i 4 år. Det var ei gild tid. Me matrosane hadde 536,- kr i måneden. Kvar torsdag fekk me utlevert. Det var mat me fekk utlevert. Middagsmaten henta me i Byssa. Eg mønstra av hausten 1949 for å gå på skule i Stavanger. Det gjekk bra på skulen. Papirene fekk eg. Nå begynte ein ny epoke i mitt liv - for i 1950 bar det ut på langfart.

"Ein kom som regel  
til byslaget, der  
var det full stopp"



## JUBILEUMSFEST FOR KONFIRMANTKULL 1942

Laurdag 26. september hadde konfirmantkullet frå 1942 jubileumsfest på Bokn Bedehus. Dei av kullet som bur i Bokn hadde laga så fint og koseleg i stand.

Det var nok med spenning me hadde sett fram til treffet. Mange av oss hadde ikkje sett kvarandre sidan me var i 15 - 20 års alderen. Ville me kjenna kvarandre att? Det gjekk ikkje betre med meg enn at eg stussa på fleire stykke, og eg vart heller ikkje attkjend av alle. Desse femti åra hadde nok sett sine merke. Men då me hadde fått helsa på kvarandre, var kontakten der med ein gong. Gildt var det å helsa på ektefeller og. Dei gav uttrykk for at dei var takksame for at dei vart inviterte med.

Det var eit skår i gleda at me sakna fem av laget. Tre har gått bort: Lars Bokneberg, Håkon Alvestad og Berta Are. Me måtte og sakna både presten og klokkaren som las med oss. Gode minne har me etter dei alle.

Ved bordet gjekk praten livleg. Og smørbrøda gleid villeg ned. Dei smaka så utruleg godt. Ved bordseta vart det gjeve høve for alle til å fortelja om seg sjølv - korleis livet hadde arta seg for oss sidan me var under prestehanda. Minne frå konfirmant-tida vart friska opp. Ein hugsa det - ein annan det. Austre-boknarane hadde både positive og negative hendingar å minnast frå ro-turane over sundet.



Gutar: Håkon Alvestad, Lars Bokneberg, Trygve Jøsang, John Øvrebø, Kåre Kro.

6 Jenter: Eldbjørg Alvestad, Solveig Alvestad, Bergljot

Andersen, Berta Are, Karen Are, Mary Dirdal, Marie Kro, Ingebjørg Lygre, Magnhild Sæbø, Liv Vatnaland, Astrid Våge, Betsy Våge, Sigrid Våge, Minny Øvrebø.

1942

Seinare i festen forsynte me oss ved det store kakebordet. Me sette oss i grupper og fekk prata endå meir. Me bytte plass så alle fekk snakka med kvarandre. Me hadde det så gildt at me fekk ikkje til å bryta opp. Festen byrja klokka

13, og me heldt det gåande til klokka var over 19. Takk til alle eg fekk møta for ein hyggeleg dag! Og til dykk som står for tur til å ha 50-års fest, vil eg seia: De har noko å gle dykk til.

Liv

## MINNEORD

Metta Are er død, 96 1/2 år gamal. Ho var dotter til Olina og Lars Vatnaland.

I ungdomsåra vart det helst hus- og gardsarbeid, ho hjelpte mykje til hjå brørne sine, etter at dei fekk familie. Fritid vart det vel ikkje mykje av, iallfall til kvardags. Om søndagane møtte ho i Bokn kristelege ungdomsforening, der ho var med i song- og musikklaget.

I 30-års alderen vart ho gift med Jens M. Are, han døyde i 1987. Dei fekk 6 born. Berre 3 av dei lever nå.

Som bondekone hadde Metta lange og travle arbeidsdagar. Likevel var ho aktiv i foreningsarbeidet i Hognaland krets, både i Samemisjonen og sanitetsforeningen.

Metta og Jens måtte prøva mykje motgang, noko dei bar i det stille. Og ho vart ikkje spart for sjukdom i alderdomen. Ho fekk m.a. sterkt nedsett syn, og nå hadde ho vore sengeliggjande på Bokn sjukestove i fleire år.

Ho etterlet seg ein stor familie, heilt ned til 5. generasjon.

Eit stillfarande og trufast menneske er gått bort.

## 29 AVGANGAR DAGLEG ARSVÅGEN-MORTAVIKA


Når Rennfast opnar 30. november vil det bli fleire avgangar mellom Arsvågen og Mortevisa dagleg enn det i dag er mellom Arsvågen og Mekjarvik.

På kvardag vil det pr. døgn vera heile 29 avgangar. Det vil på kvardagar gå ferjer med 40 minutt mellomrom heile dagen frå henholdsvis Arsvågen og Mortevisa frå kl. 6 om morgonen til kl. 21.20. Seinare vil det utover kvelden og natta vera ytterlegare 5 avgangar frå kvar hamn. Det vil såleis vera muleg å reisa over fjorden heile natta. Men natt til søndagar går det ikkje nattferjer.

Det blir by til by busskorrespondanse Stavanger/Haugesund 7 gonger på kvardagar, 8 gonger fredagar.

Mortavika - Skudeneshavn vil bli trafikkert med ferja "Skutvik" og det blir dagleg 8 avgangar kvar veg.

Mange er spent på korleis det nye ferjeselskapet Boknafjorden Ferjeselskap vil greia trafikkavviklinga med ny type ferjer. Dei nye ferjene vil etter kvart få namna "Rennesøy" og "Bokn".



LES NOE :  
**Fra første stund**

**OPNINGSTIDER:**

TIRSDAG: 10 - 13.30  
 ONSDAG : 16 - 19.00  
 TORSDAG: 10 - 13.30

**VAKSNE.**

Higgins, Jack:  
 Ørnen har fløyet.

Bauer, Ola:  
 Hestehodetåken

Carling, Finn:  
 Antilopens øyne.

Kullerud, Dag:  
 Fjerde ledd.

*Fantastisk*

*Skrekkelig*

*Spennende*



**BARN OG UNGDOM.**

Ambjørnsen, Ingvar:  
 Flammer i snø.

Moe, Ingvar:  
 Farleg ferd mot mørkret 2.

Leer-Salvesen, P.:  
 Engler og busker og huba huba.

Riis, Annie:  
 Raine og bestefar.

**KJÆRE BOKVENNER**

**SJÅ ETTER I BOKHYLLA DI,  
 KANSJE DU HAR BØKER DU  
 SKULLE VORE ATTENDE MED ?**



## "ASJEN"

Av Elise Kro

Min nye gamle venn!  
Han har venta lenge på meg  
Stått trufast innom gardsleet  
høgreist, stolt og mektigt.  
Ein sus i lufta frå han her ein  
kveld liksom kviskra til meg.  
Gi deg litt tid gjentå mi,  
sjå på meg, bli glad i meg,  
eg har så mykje eg vil ha sagt  
deg.  
Nå har eg litt tid ja  
rikeligt med tid.  
Kan bruke ho som eg vil  
Eg er blitt gammale,  
kjenner livet frå dei mange  
sider.  
Det gjer du og kjære "asjen".  
Du heitte det.


Kvar morgon når eg står opp,  
går eg til lemglaset - ser ut,  
der står du.  
Lyfter dei sterke greinene dine  
oppover mot himlen  
utover mot det levande livet,  
som lever på bø og på tun.  
Greinene dine med dei mange  
sår etter sydosten og nordvesten  
dei fortel meg om motgang,  
men ikkje motløysa.  
Nye spirer i såra fortel at du  
endå har næring for nytt liv.  
Heilt nederst ved den mektige  
stamma di streva nokre tynne skot  
oppover den sterke leggen din.  
Kva strevar dei etter, dei ser så små  
og vesale ut der dei står ved foten  
din og skal føra livet vidare, trur dei  
Ja du har noken store djupe sår  
skal tru om dei kjem til å  
tyna livskrafta di.

Merkeleg at inne i dei djupe såra  
der ligg den finaste fløyels mjuke  
mold sjølve livssyklussen. Av jord  
er du komen - til jord skal du verta.  
Eg har sett på deg kjære "asjen".  
Sete i godstolen min innom  
glaset i skyminga, og i mørke  
kvelden.  
Så vakkert eit livsmønster  
dei teikna med himmelen som bakgrunn  
Like vakkert anten du er naken  
eller med lauv.

Stamma bergfast planta i moder jord,  
mange armar lyt til for å femna den  
Fleire hundre år.

Store mektige greiner oppover, oppover  
nye mindre greiner frå dei igjen  
vidare nye skot til dei ytterst ute.  
Når kveldshimmelen med sitt lys  
frå solnedgangen teiknar seg mellom  
greinene dine gir du meg ein fred  
i sinnet som eg og du har for oss sjølv.  
Kor finnes den malaren som  
med pensel strøk kan festa sine  
fargar til lerret slik at dei  
kan måla seg med skaparverket  
sitt store fargespel i naturen si  
vide verd.

Du vart grøn i år og kjære asjen,  
men du var snau og naken  
lenge etter andre tre.  
Trudde mest det feilte deg noke  
Du er blitt gammale du og,  
eldgammale, har overlevd ått  
etter ått, står berg fast innom  
gardsle som du har gjort  
i mange, mange år trass i  
hard hendt framferd frå storm  
og uvær.  
Du vert nok grøn att vår etter  
vår - lenge endå du . Vona eg skal  
få gle meg saman med deg endå ei  
stund i godstolen i skyminga og  
når kvelden li og natta kjem.



## KAFE OG CATERING I DEN GAMLE BANKEN

Finn Erik Drange som driv Arskroen Kiosk og Kafe opnar i desse dagar ny kafe i Føresvik i "Gamle banken" sine lokale der Brukshuset tidlegare heldt til.

Finn Erik Drange seier til bygdabladet at han vil ha ope kvar dag og tilby m.a. smørbrød, kaker, kaffi osv. I tillegg vil han bruka lokala til å laga smørbrød og koldtbord på bestilling. Han

har i det siste hatt ganske stor pågang på slik utlevering i distriktet også utanfor Bokn.

Og banklokalet er heilt ombygd og fiksa, og er oppdelt i ein kafe-del pluss kjøkken med moderne utstyr til drifta.

Finn Drange reknar med at folk som ynskjer å ta seg eit kafebesøk utan å dra til Are vil stikka innom.

## ARSVÅGEN TÅLER IKKJE AUSTAVIND

Frå tysdag kveld den 27. oktober til torsdag morgon den 29. oktober kunne ikkje Arsvågen trafikkerast p.g.a. sterk vind frå aust som sto rett på ferjeleiet i Arsvågen. Ferjene måtte gå til Skudeneshavn.

Det har heile tida vore klårt at Arsvågen er særleg sårbar frå vind frå aust. Dersom dette blir ein framtreddande vindretning framover, vil ein nok oppleve mange kanselleringar

Som vanleg når det gjeld eit eller anna med ferjetrafikken over fjorden, går dei ulike media omtrent "av hengslene" når det skjer ei kansellering eller anna på det nye ferjesambandet. Så også denne gongen med reportasjer og oppslag i radio og aviser.


Ennå meir nøye vil nok media fylgja med når Rennfast opnar om ein månad, og ferjene skal trafikkeras Morteveika-Arsvågen og Morteveika-Skudeneshavn.

## GAMAL "TRESKEMASKIN"

Til høgre viser me ein annonse for "Trygg" treskemaskin frå 1951.

Maskinen fins den dag i dag og høyrer til på Sæbø-garden. Han har vore utstilt 17. mai og er i god stand.

Elles var det nok helst "Nidaros"-modellen som var vanleg her på Bokn



GULLMEDALJER :  
 GJØVIK . . . . . 1910  
 OSLO . . . . . 1914  
 TRONDHEIM 1930

*Pris for H/10.51:*  
 3<sup>1</sup>/<sub>2</sub> - 4 HK «TRYGG» *kr. 1360.-*  
 + tillegg for behov. utrustning *kr. 67.-*

er montert på praktisk bærebår og kan lett transporteres av to mann. Den har samme fordeler som de andre «TRYGG» motorer og skiller seg ut fra dem bare ved at den er utstyrt med høyspent roterende WICO magnet med impulskobling. Motoren er en lethåndterlig drivkraft for: Treskemaskiner med eller uten halmrister, hakkelsmaskiner, triører, rot- og benskjæremaskiner, torvrivere, kappsager, snekkermaskiner, pumper, kjærner, separatorer o. l.

Remskivediam.: . . . 175 mm  
 Vekt . . . . . ca. 160 kg  
 Omdr.tall: ca. 600 pr. min.  
 Telegramcode: . . . . . „Mapis“

*Om lag 5000 «TRYGG» motorer er levert her i landet.*



*En uttalelse (uoppsfordret)  
 — bruddstykke av brev:*

«Det var vel i 1936 at jeg kjøpte en 3<sup>1</sup>/<sub>2</sub> hk. TRYGG motor av Dem, og den har siden gått som et urverk og gjør det framleis» . . .

*Vingelen, N.Osterdal 8-A 51*

*Ærbødigst  
 Engebret Eggen*

Kjøp «TRYGG»  
 motor De også!

*Økonomisk i drift.*

# ØVERAASENS MOTORFABRIK

TELEFONER:  
 CENTRALBORD: 273 - 274

& MEK. VERKSTED

STARTET 1908  
 TELEGRAMADR. «ØVERAASENS»

GJØVIK

## PÅGANG PÅ PLEIE - OG OMSORGSSEKTOREN

Bokn kommune har inntil for eit år sidan hatt relativt god plass og kapasitet når det gjeld institusjonsplasser for

eldre pleietrengande ved sjukestova. Kommunen har til og med kunna ta inn gjestepasientar frå andre kommunar for å nytta ut ledige plasser. Men dette ser nå definitivt ut til å ha snudd seg. Det er nå lenge sidan at det har vore ledig kapasitet ved sjukestova, og ein har jamt over hatt overbelegg.

Fylkeslegen har nå etter søknad gitt pleie- og omsorgstenesta dispensasjon frå plasstalet ved sjukestova fram til 1. oktober 1993 til å ha 2 personar på 2 ein-sengs rom ved sjukestova. Dette vil auka kapasiteten frå 7 til 9 plasser.

Denne dispensasjonen er ei naudløysing som kan gi eit pusterom inntil ein kan


realisera planane med utviding av kapasiteten. Det er nå i gang planarbeid for utviding av kapasiteten ved Bokn sjukestove.

Bokn kommune er i fylgje ein statistikk utgitt av Sosialdepartementet ein av dei kommunane i Rogaland som har dårlegast dekning av plasser i buformer for eldre over 80 år i Rogaland.

Det er nok difor ingen tilfeldighet at det nå er knapt om plasser.

Kommunen har i målsetjinga si for eldrepolitikken nedfelt at ein skal ha mulighet for avlastningsplasser. Dette blir umuleg når

institusjonsplassane trengst til svært pleie- og omsorgstrengande personar, men dette vil venteleg betra seg ved at ein får større kapasitet.



Bokn kommune har 7 institusjonsplassar i Boknatun

## ENDELIG - TV-AKSJON FOR PSYKISK HELSE !

Gjennom 19 år har NRKs TV-aksjoner gjort det mulig å samle inn penger og spre opplysning om viktige samfunnsforhold i inn- og utland. 4 ganger tidligere har vi samlet inn til nasjonale formål: Senest i 1980 til kreftsjaken og i 1987 til bekjempelse av hjertelidelser. Endelig er det psykisk helse som står for tur.

### Folkesykdommen ingen snakker om.

Psykiske lidelser er kanskje vår største folkesykdom. 1 av 3 nordmenn vil en gang i løpet av livet få så store psykiske problemer at en har behov for profesjonell hjelp. Hvert år tar 800 mennesker sitt eget liv - det er dobbelt så mange som mister livet i trafikkulykker. Andre tall viser at f.eks. 30.000 lider av den alvorlige sinnslidelsen schizofreni, at 40.000 unge sliter med spiseforstyrrelser og at 50.000 eldre mennesker er rammet av senilitet.

Derfor er NRKs valg av tema for årets TV-aksjon helt naturlig. De andre folkesykdommene har hatt sine aksjoner. I år er det vår tur til å samle inn til forskning og opplysning.

*Tusenvis av mennesker i Norge strever med livskriser og sorg. Noen lider av angst, depresjon og personlighetsforstyrrelser. Andre strever med psykosomatiske lidelser, tvangstilstander og selvmordstanker.*

### VI VET AT

*Hver nordmann  
kjenner en med  
psykiske problemer*

*Hver annen nordmann  
har et familiemedlem  
med psykiske problemer*

*Hver tredje nordmann  
vil en gang få psykiske  
problemer*

*Hver fjerde nordmann  
har til enhver tid  
psykiske problemer*

*Hver femte nordmann  
har en nevrose som fører  
til funksjonshemming*

*Hver femtende  
nordmann har en alvorlig  
sinnslidelse (psykose)*

*Hver tjuende  
nordmann har en  
personlighetsforstyrrelse*

STØTT

TV-AKSJONEN

SØNDAG

8. NOVEMBER

TV - aksjonen i Bogn vil starta frå kl. 14.00 og utover. Alle husstandane vil få besøk. Det er Bogn Sanitetsforening som vil stå for den praktiske delen av aksjonen.



*TV-aksjonen for  
psykisk helse  
8. nov. 1992*



**PSYKIATRISK  
Opplysningsfond**



**BOKN KOMMUNE**

TELEFON (04) 74 85 00 — TELEFAX (04) 74 86 90  
4290 BOKN

### STØTTE TIL LEIARAR AV BARNE/UNGDOMSLAG

Bogn helse- og sosialstyre har midlar som skal gå til styrking av leiararsituasjonen i lag og foreningar for barn og unge. I praksis vil det seia at ein ynskjer å gi ei lita oppmuntring og støtte til leiarane i form av pengar for den innsatsen dei gjer når det

gjeld å aktivisera barn og unge i Bogn. Dei foreningane som har fleire leiarar må dela tildelte midlar mellom desse. Søknadsskjema får ein ved å venda seg til sosialkontoret.

Søknadsfrist: 12. november 1992

## BOKN HANDELSLAG 70 ÅR

Det er i år 70 år sidan Bokn Handelslag starta drifta.

I samband med dette vil dei markera jubileet.

I veke 47, 16. - 21. november vil handelslaget selja ein del varer som i "gode gamle dagar".

Dei vil m.a. selja kandisukker, puffa havre,

rosiner, nøtter, mandler m.m. i laus vekt. Også kaffien skal malast og seljast i laus vekt som i gamle dagar.

Også ekspeditørane skal kle seg som i gamle dagar, og det skal stillast ut gjenstandar frå bygdemuseet med tilknytning til handel.

Laurdag den 21. vert det hestekjøring for ungane og trekkspelmusikk i butikken.

### TENNING AV JULEGARAN

1.søndag i advent, 29. november vil Bokn Røde Kors ha det tradisjonelle arrangementet med tenning av julegran utafor Boknatun kl. 16.00.

Deretter går turen til Bokn skule, der resten av arrangementet blir avvikla. Dette p.g.a. at det er for liten plass på Boknatun.

Hesten med kjerra vil koma.

Det vil bli salg av kaffi og kaker.

Auksjon og underholdning.

Etterpå blir det fakkeltog til kyrkja, saman med speidarane. I år blir det berre dei vaksne som får utlevert fakkell.

Me treffest rundt juletreet!

Med helsing

BOKN RØDE KORS


## DAVIDs Gjeldsforsikring

### GJELD+ GIR DEG

#### FØLGENDE FORDELER:

- \* **GJELD+** kan, hvis du vil, dekke mer enn bare gjelden. Forsikrer du deg for mer enn din totale gjeldsbyrde, vil forsikringen dekke kostnader ved overgang til en ny forsørgersituasjon.
- \* Utbetalt forsikringsbeløp er fritatt for beskatning.

- \* **GJELD+** gir deg mulighet til å sikre din økonomi dersom du skulle bli ufør.
- \* Forsikringen kan avsluttes ved hver betalingstermin uten ekstra kostnader.
- \* **GJELD+** gir god dekning til rimelig pris.



**SR-BANK**

GJELD+ tilbys i samarbeid med DAVID Forsikring.



# BOKN KOMMUNE

BOKN MUSIKKSKULE

4290 FØRESVIK — TLF. 04-74 85 00

## KONSERT

MANDAG 16. NOVEMBER KL. 20.00  
ER DET KLART FOR EIN VARIERT  
KONSERT I ALLROMMET PÅ BOKNA-  
TUN.

DET ER FYLKESMUSIKARANE SOM  
KJEM, OG DENNE GONG HAR DEI  
MED SEG NOREGSMEISTER I TREKK-  
SPEL, ERLING KVARVEN. PROGRAMMET  
DEIRA DENNE KVELDEN ER BYGD OPP  
RUNDT ERLING KVARVEN.

DET LETTE OG VELKLINGANDE PRO-  
GRAMMET VIL M.A. INNEHALDE  
FOLKEMUSIKK/VISER FRÅ MANGE LAND.  
MUSIKKEN VIL BLI FRAMFØRT MED  
FORSKJELLIGE KOMBINASJONAR INNAN  
FYLKESMUSIKAR-GRUPPA + TREKKSPEL  
( ELLER "AKKORDION" SOM ER DET  
RETTE NAMNET )

I FYLKESMUSIKAR-GRUPPA FINN ME  
PIANO/SONG/OBO-BLOKKFLØYTER OG  
CELLO.

DET VIL OGSÅ BLI EIT LOKALT  
INNSLAG I KONSERTEN MED FOLK FRÅ  
BOKN MUSIKKSKULE.

DU ER HJARTELEG VELKOMMEN  
MANDAG 16.11 KL. 20.00 PÅ  
BOKNATUN.

*Jorden*

## BOKNAVIDEO

### TIL JUL

Bygdaboknemnda i Bokn arbeider  
jamnt og trutt, og ser fram  
til den dagen når Birger  
Lindanger startar arbeidet med  
å skriva bygdebok for Bokn.  
Det arbeidet vil starta opp  
ein gong i 1994.

I mellomtida arbeider nemnda  
med å samla inn både  
skriftlege og munnlege data,  
pluss foto og film.

I år har nemnda fått A & O  
video til å produsera ein  
video om Bokn som me vil kalla  
Boknavideoen. Han skal vera på  
70-90 minutt og har innslag  
m.a. frå 1950 -åra. Videoen  
inneheld elles ein del frå  
viktige hendingar i bygda,  
tidlegare 17. mai arrangement,  
turar, samferdsle, arbeidsliv  
i jordbruk og fiske, fest og  
kvardag.

Videoen kostar kr. 198,- og  
vil frå månedsskiftet  
november/desember bli å få  
kjøpt i butikkane i kommunen  
pluss i ekspedisjonen på  
Boknatun.

Bygdaboknemnda håper å få litt  
forteneste som seinare kan  
brukast i arbeidet med  
bygdaboka, og butikkane sel  
videoen utan å ha forteneste  
på salet.

Takk til dei som har gitt oss  
lov til å bruka filmar, og til  
butikkane som gjer denne  
tenesta for oss.

Fin julepresang?

## BOKN BYGDEBLAD

### UTGJEVAR:

Bokn kommune  
4290 BOKN  
Tlf. 04-748500  
Postgirokonto nr. 0806 5 68 45 01  
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

### BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge  
Arvid K. Jøsang  
Liv Vatnaland

### REDAKTØR:

Reidar Alvestad

### ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.  
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

### ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300  
Halv side: kr. 150  
1/4 side: kr. 75  
1/8 side: kr. 50  
Små privatannonsar: kr. 10,-.

### FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.  
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

ARR. I NOVEMBER:

- 16.11: Konsert på Allrommet.  
Sjå oppl. i bladet.
- 18.11: Kl.20.00 har hagelaget  
årsmøte på skulen.  
Bente Husebø lagar  
advent- og juledekorasj.  
Ta gjerne med grønt og  
"rariteter".
20. og
- 21.11: Røde Kors besøkstj. har  
har julemesse på  
Allrommet.
- 28.11: Skulekorps /Bokn Brass  
har julemesse på skulen.
- 29.11: Røde Kors har tenning  
av julegran ved Boknatun  
og arr. på skulen.

MISTA

Blå nylonjakke med LEVIS-merke  
på ryggen mista.

Tlf. 04 74 85 33

TIL SALGS

Mosekransar - store og små.

Tlf. 04 74 85 54 Lie.

FUNNE

Gullring med raude steinar funnen.  
Kan hentast på skulen.

BRUKSHUSET PÅ KAIEN

Har ope kvar fredag og laurdag frå  
kl. 10.00 til kl. 13.00.



GUDSTENESTER:

- 08.11: Høgmesse v/ Westen.  
Nattverd.
- 22.11: Gudsteneste. Offer til  
Den Norske Sjømannsmisj.

BOKN BEDEHUS:

7. nov: Bedehusbasar kl. 19.30  
15.nov: kl.19.30 besøk frå  
Tysvær.

*TV-aksjonen for  
psykisk helse  
8. nov. 1992*

**STØTT**

**TV-AKSJONEN**

**SØNDAG**

**8. NOVEMBER**